

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
9/2018	Formannskap	30.01.2018
7/2018	Kommunestyret	01.02.2018

Høyringsuttale til søknad om ny reguleringskonsesjon for Fortun- Grandfastareguleringa

Vedlegg:

1 Vurdering/ uttale frå Lund & co DA - utarbeidd for Luster kommune

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune godtek at reguleringskonsesjonen for Fortun – Grandfastavassdraget blir fornya. Ei slik fornying vil medføre at negative konsekvensar som følgje av naturinngrepa i samband med reguleringa blir vidareført. Storevatnet i Lom kommune er det klart største magasinet i reguleringa. Store reguleringshøgder i både Storevatnet og Prestesteinsvatnet medfører vesentlege ulemper med erosjon og redusert estetisk kvalitet. Dei påverka areala i Lom er viktige område for fritidsfiske og friluftsliv, og innfallsportar til nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen. Lom kommune viser til departementet sin praksis i andre fornyingssaker, og set fram krav om at kommunen bør tilkjennast eit næringsfond på minimum 22 mill. kroner.

Lom kommune støtter Oppland Fylkeskommune sitt krav om at det må setjast vilkår om arkeologiske registreringar i samband med fornyingssaka. Kommunen vil spesielt peike på ferdselsvegen «Dølevegen» langs Storevatnet, der det er stort potensiale for å finne kulturminne.

Ved fornying av reguleringskonsesjonen for Fortun - Grandfastavassdraget må dagens standard-vilkår for konsesjonssaker innførast, og eksisterande vilkår må moderniserast i tråd med dette. Dette gjeld også økonomiske vilkår for kommunane som er omfatta av reguleringa, slik det er høve til ved nye utbyggingssaker. Grunnlaget for utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift må oppdaterast slik at auka nedbør og tilsig blir fanga opp.

Ordninga med fond til opphjelp av fiske i konsesjonen frå 1957 bør vidareførast.

Prinsipielt meiner kommunen også at dei nye omsøkte prosjekta Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk skal behandlast saman med fornyinga, slik at ein kan vurdere verknaden av desse prosjekta og reguleringa samla.

Saksprotokoll i Formannskap - 30.01.2018**Forslag frå formannskapet**

Lom kommune godtek at reguleringskonsesjonen for Fortun – Grandfastavassdraget blir fornya under føresetnad av at følgjande blir imøtekome og ivaretatt:

Ei slik fornying vil medføre at negative konsekvensar som følgje av naturinngrepa i samband med reguleringa blir vidareført. Storevatnet i Lom kommune er det klart største magasinet i

reguleringa. Store reguleringshøgder i både Storevatnet og Prestesteinsvatnet medfører vesentlege ulemper med erosjon og redusert estetisk kvalitet. Dei påverka areala i Lom er viktige område for fritidsfiske og friluftsliv, og innfallsportar til nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen. Lom kommune viser til departementet sin praksis i andre fornyingssaker, og set fram krav om at kommunen tilkjennast eit næringsfond på minimum 27 mill. kroner. Som element i denne vurderinga vil Lom kommune vise til at ringverknader og verdiskaping som følgje av konsesjonen i vesentleg grad har kome andre kommunar til gode.

Lom kommune støtter Oppland Fylkeskommune sitt krav om at det må setjast vilkår om arkeologiske registreringar i samband med fornyingssaka. Kommunen vil spesielt peike på ferdselsvegen «Dølevegen» langs Storevatnet, der det er stort potensiale for å finne kulturminne.

Ved fornying av reguleringskonsesjonen for Fortun - Grandfastavassdraget må dagens standardvilkår for konsesjonssaker innførast, og eksisterande vilkår må moderniserast i tråd med dette. Dette gjeld også økonomiske vilkår for kommunane som er omfatta av reguleringa, slik det er høve til ved nye utbyggingssaker. Grunnlaget for utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift må oppdaterast slik at auka nedbør og tilsig blir fanga opp.

I evt. ny konsesjon må det påleggjast årleg tilskot til fiskefremjande tiltak.

Prinsipielt meiner kommunen også at dei nye omsøkte prosjekta Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk skal behandlast saman med fornyinga, slik at ein kan vurdere verknaden av desse prosjekta og reguleringa samla.

Samrøystes.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.02.2018

Vedtak

Lom kommune godtek at reguleringskonsesjonen for Fortun – Grandfastavassdraget blir fornya under føresetnad av at følgjande blir imøtekomne og ivare tatt:

Ei slik fornying vil medføre at negative konsekvensar som følgje av naturinngrepa i samband med reguleringa blir vidareført. Storevatnet i Lom kommune er det klart største magasinet i reguleringa. Store reguleringshøgder i både Storevatnet og Prestesteinsvatnet medfører vesentlege ulemper med erosjon og redusert estetisk kvalitet. Dei påverka areala i Lom er viktige område for fritidsfiske og friluftsliv, og innfallsportar til nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen. Lom kommune viser til departementet sin praksis i andre fornyingssaker, og set fram krav om at kommunen tilkjennast eit næringsfond på minimum 27 mill. kroner. Som element i denne vurderinga vil Lom kommune vise til at ringverknader og verdiskaping som følgje av konsesjonen i vesentleg grad har kome andre kommunar til gode.

Lom kommune støtter Oppland Fylkeskommune sitt krav om at det må setjast vilkår om arkeologiske registreringar i samband med fornyingssaka. Kommunen vil spesielt peike på ferdselsvegen «Dølevegen» langs Storevatnet, der det er stort potensiale for å finne kulturminne.

Ved fornying av reguleringskonsesjonen for Fortun - Grandfastavassdraget må dagens standardvilkår for konsesjonssaker innførast, og eksisterande vilkår må moderniserast i tråd med dette. Dette gjeld også økonomiske vilkår for kommunane som er omfatta av reguleringa, slik det er høve til ved nye utbyggingssaker. Grunnlaget for utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift må oppdaterast slik at auka nedbør og tilsig blir fanga opp.

I evt. ny konsesjon må det påleggjast årleg tilskot til fiskefremjande tiltak.

Prinsipielt meiner kommunen også at dei nye omsøkte prosjekta Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk skal behandlast saman med fornyinga, slik at ein kan vurdere verknaden av desse prosjekta og reguleringa samla.

Samrøystes.

Saksutgreiing

NVE har lagt Hydro Energi AS sin søknad om ny reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfasta-reguleringa ut til høyring. Tidlegare Årdal og Sunndal Verk AS fekk konsesjon på vassdrags-reguleringa i 1957, og Skagen kraftverk i Fortun vart sett i drift i 1959. Konsesjon vart gjeve for 60 år, og har blitt utvida med nye overføringar i 1960 og i 1976 (omfattar deler av Fardals-vassdraget i Årdal). Konsesjonsperioden gjekk ut 25. januar 2017, og det er no søkt om ny konsesjon fram til 2057.

Søknaden gjeld altså ny reguleringskonsesjon, ikkje revisjon av konsesjonsvilkåra i ein ikkje-tidsavgrensa konsesjon. Ei slik fornying av reguleringskonsesjonen medfører at fordelar og ulemper ved denne vassdragsreguleringa skal vurderast på nytt, dvs. samfunnsnyttan ved utnytting av vasskraftpotensialet i reguleringa må vegast opp mot andre brukarinteresser. På same måte kan alle konsesjonsvilkår vurderast på nytt.

I ein ny reguleringskonsesjon skal det fastsetjast konsesjonsavgift, konsesjonskraft og næringsfond til kommunane som er omfatta av reguleringa. Den endelege konsesjonen blir vedteken i kongeleg resolusjon. Dette temaet er berre kortfatta behandla i konsesjonssøknaden frå Hydro Energi. Lom kommune har engasjert Advokatfirmaet Lund & co til å vurdere spørsmål rundt konsesjonskraft, konsesjonsavgift samt event. næringsfond knytt til fornying av konsesjonen.

Konsesjonssøknaden omfattar søknadsdokumentet frå Hydro Energi AS, 3 fagrapportar som vedlegg, og høyringsbrev frå NVE. Alle søknadsdokumenta er tilgjengelege på NVE si nettside: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8001&type=V-1>

Fortun-Grandfastareguleringa er ei stor vasskraftregulering som omfattar eit større og to mindre kraftverk med ein samla gjennomsnittleg årsproduksjon på ca 1,6 TWh, dvs. meir enn 1% av all vasskraftproduksjon i Noreg. 22% av reguleringa ligg i Lom. Tre av dei totalt 13 magasinane i reguleringa ligg i Lom; Svartdalsvatnet, Storevatnet og ein mindre del av Prestesteinsvatnet. Storevatnet er det klart største magasinet, og har 26 m reguleringshøgde. Eit av dei 15 bekkeinntaka ligg i Lom (ved anleggsvegen ned til Storevatnet), men ingen av dei tre kraftverka.

Søknaden går i hovudtrekk ut på å vidareføre reguleringa som i konsesjonen frå 1957.

Konsekvensar for miljø, landskap og friluftsliv:

I følgje konsesjonssøknaden blir sommarvasstand i reguleringsmagasina ikkje oppfatta som eit vesentleg problem for andre brukarinteresser, da magasinane blir fylt opp relativt tidleg i sommar-sesongen, og held seg høg utover sommaren på grunn av bre- og snøavsmelting i høg fjellet. (Administrasjonssjefen er delvis ueinig i denne framstillinga, sjå avsnittet «vurdering».)

Det går fram av søknaden at det kan vere låg vassføring i ein del sidevassdrag og bekkar nedanfor magasin og bekkeinntak på seinsommar og tidleg haust. I følgje søkjar er dette ikkje eit problem i områda med tilsig frå brear, der vassføringa utover sommaren normalt vil vere høg.

Hydro Energi AS skriv i søknaden:

På bakgrunn av en samlet vurdering av utredningene, samt Hydros egne erfaringer, er Hydros syn at reguleringen fremstår som lite konfliktfullt. Dette til tross for at den dekker et veldig spesielt område med spektakulære fjellmassiver og breer, hvor det er stor aktivitet, spesielt i sommerhalvåret.

Reguleringsområdet ligger imidlertid høyt til fjells, og består stort sett av bart fjell og stein, som er snødekt det meste av året. Det økologiske potensialet er derfor meget begrenset. Det er heller ikke avdekket store interessekonflikter med brukerne av området, og det er ikke funnet store negative konsekvenser for de naturfaglige forhold.

Utredningene påpeker at det kan være ønskelig å få noe mer vann i enkelte av vassdragene, se figur 27. Blant annet i perioden det ferdes folk i fjellet med begrunnelse i estetiske forholdene. Et annet hensyn er av hensyn til den anadrome strekningen i Fortunselva, hvor sikring av en liten minstevannføring om vinteren er anbefalt, for å kunne gi en liten beskjeden økning i produksjonen av laks.

Saksa frå ein annan stad i søknaden:

Når det gjelder sideelver og bekker i fjellet, er det i departementets vedtak ikke stilt miljømål gjennom slipp av vann gjennom at det er understreket at «For bekkeinntak er det generelt ikkje positiv nytte/kost ved å sleppe vatn.» I bekker med bekkeinntak er det derfor ikke aktuelt å stille miljømål, som vil kreve iverksetting av tiltak for å bedre den økologiske tilstanden. Tiltak som eventuelt vil heve den estetiske kvaliteten av bekkene f.eks begrunnet av friluftsmessige mål, ligger ikke innenfor vannforskriftens virkeområde.

Til spørsmålet om minstevassføring går det fram av søknaden at Hydro i utgangspunktet går i mot nye pålegg om minstevassføring, sjølv om fagrapportane viser at minstevassføring kan gje ein gevinst for Fortunselva (først og fremst øvre del av lakseførande strekning) og nokre kartfesta sidevassdrag. Ingen av dei nemnde vassdraga ligg i Lom kommune

Kulturminner:

Oppland Fylkeskommune har i uttale til konsesjonssøknaden peika på at det ikkje er gjennomført arkeologiske registreringar i samband med tidlegare konsesjonsbehandling, og at det derfor er nødvendig at det blir sett vilkår om dette i fornyingssaka. Fylkeskommunen peiker m.a. på varderekkene over Sognefjellet som automatisk freda kulturminna, og den mindre kjente «Dølevegen» med varderække frå Ormelid i Fortun via nordsida av Storevatnet til Høydalen i Lom.

Stiftelsen Ormelid gard har i sin uttale også vist til at det finst mange kulturminne som vardar, hellerar og fangstanlegg knytt til denne gamle ferdselsvegen. Ein del av kulturminna er sannsynlegvis neddemt som følgje av reguleringa av Storevatnet, men i grenseområda mellom Luster og Lom på nord-vestsida av Storevatnet er det stor sjanse for å finne fleire kulturminne.

Næringsinteresser – tamreinsdrifta i Lom:

Blant vedlegga til søknaden finst ein eigen rapport om villrein og tamrein. Saksa frå denne:

Magasiner på Sognefjellet

Magasinene på Sognefjellet ligger i vinterbeiter for reinen og trekk over isen er mulig. Vanskelige isforhold ved nedtapping kan være til hinder for slike trekk, og i verste fall medføre at rein omkommer hvis de fanges i sprekker, eller går gjennom utrygg is, slik det har vært rapportert for tamrein på Prestesteinsvatnet. Dette er imidlertid sjelden.

Avbøtende tiltak

Gradvis nedtapping, eller begrenset nedtapping i de perioder da reinen benytter området, dvs. spesielt frem mot påske, kan gi mer stabile isforhold. Som utgangspunkt er tiltaket uaktuelt for Storevatnet, Skålavatnet og Hervavatnet, hvor store vannstandsvariasjoner er en naturlig konsekvens av driften av anlegget. For Prestesteinsvatnet som ligger nokså sentralt innenfor reinens vinterbeiter har det vært spesielt vurdert om tilpasset nedtapping kan avhjelpe situasjonen med vanskelige isforhold. Magasinet tømmes normalt tidlig om vinteren før man går over til å kjøre Herva pumpekraftverk mot inntaksmagasinet Storevatn. Prestesteinsvatnet står da nær laveste regulert vannstand i mars - april, og venter på smeltevann for å bli fylt opp igjen. Den samlede tekniske oppbygningen av reguleringsystemet gjør det urealistisk å gjøre noen vesentlig endring i nedtappingspraksisen for magasinet. I tillegg er det vurdert at bratte sider mot vannet vil gi oppsprukket og is og glipper selv ved en mer gradvis nedtapping utover vinteren. Totalvurderingen er derfor at det er lite potensiale for tiltak som kan gi bedring av isforhold for reinen også for Prestesteinsvatnet.

Saksbehandlar har hatt dialog med leiar i Lom tamreinlag, utan at det har kome fram særskilte merknader eller innvendingar til søknaden frå tamreinlaget.

Lom fjellstyre har behandla konsesjonssøknaden i møte 14.11.2017 sak 32/2017, og har ingen merknader til søknaden.

Økonomiske vilkår knytt til reguleringskonsesjonen:

Konsesjonskraft: Lom kommune mottok pr. i dag 22.422,3 MWh konsesjonskraft frå Fortun-Grandfaste – reguleringen, dette utgjorde i 2016 ei inntekt på kr. 2.252.126. I ein ny konsesjon vil kraftgrunnlaget bli rekna ut på nytt. Ei ny berekning kan verke inn på mengde konsesjonskraft og konsesjonsavgift til kommunane. Praksis i dag er at NVE nyttar avrenningskart for perioden 1961 – 1990 som grunnlag, desse fangar ikkje opp seinare års nedbørsauke.

Kraftgrunnlaget vart justert sist i 2007, då Hydro fekk ny ervervskonsesjon på Fortun-Grandfastautbyggingen

Prisen på konsesjonskraft frå dagens regulering blir fastsett etter OED-pris, dvs. gjennomsnittleg sjølvkostpris for eit representativt utval av norske kraftverk. Prisivilkår for konsesjonskraft vil ikkje bli endra som følgje av konsesjonssaka (føresett at søkjar faktisk får ny konsesjon).

Konsesjonsavgift: Konsesjonsavgifta til Lom kommune var på kr. 1.944.533 i 2017. Konsesjonsavgifta vart sist regulert i 2017, og skal regulerast på nytt i 2022. Også denne reguleringa skjer uavhengig av fornyingssaka.

Næringsfond: Kommunane vart ikkje tilkjent næringsfond da konsesjon vart gjeve i 1957. Dette var det vel heller ikkje fremja krav om det den gongen, ordninga med næringsfond vart formalisert i lovverket først i 1969. Som det går fram ovanfor kan alle konsesjonsvilkår vurderast på nytt i samband med fornyingssaka.

Vurdering

Ein vesentleg del (22%) av Fortun – Grandfastareguleringa ligg i Lom kommune. Sidan dei regulerte områda i Lom ligg i høgfjellet er ikkje dei negative miljøverknadane så omfattande som i Luster kommune. Men reguleringa medfører likevel svært synlege naturinngrep langs den populære turistvegen over Sognefjellet. Fv.55 fekk status som nasjonal turistveg alt i 1997, og blir rekna som den kanskje mest spektakulære fjellovergangaen i Nord-Europa. Vidare er dei påverka areala i Lom viktige område for fritidsfiske og friluftsliv, og innfallsportar til Jotun-

heimen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark frå Sognefjellet. Storevatnet i Lom kommune er som nemnt det klart største magasinet i Fortun – Grandfastareguleringa, og har den største reguleringshøgda, 26 m. Også Prestesteinsvatnet har stor reguleringshøgde, 23 m. Slike reguleringshøgder medfører nødvendigvis vesentlege ulemper med erosjon og redusert estetisk kvalitet. Reiselivet i regionen er utan tvil påført ulemper på grunn av reguleringa, samanlikna med om utbygginga ikkje hadde vore gjennomført.

I konsesjonssøknaden blir det hevda at magasina stort sett er enten isdekka eller fulle av vatn i den perioden det er ferdsel i fjellet. Dette er ei upresis framstilling av situasjonen – diagram i søknaden (fig.10) viser at Storevatnet ikkje er oppfylt før i midten av august. Tilsvarende diagram er ikkje vist for Prestesteinsvatnet, men oppfylling skjer normalt seinare her, sidan magasinet ligg høgare.

Det er vidare klart at Lom kommune ikkje har oppnådde dei same positive økonomiske og samfunnsmessige verknader av reguleringa som nabokommunane Luster og Årdal. Alle tre kraftverka ligg i Luster, med dei økonomiske fordeler det medfører for vertskommunen. Kraft som blir produsert som følgje av utbygginga har i hovudsak blitt nytta ved Hydro sine anlegg i Årdal, og har hatt store samfunnsmessige ringverknader ved å skape arbeidsplassar her i 60 år.

Det vil derfor vere eit rimeleg krav frå Lom at kommunen får eit **næringsfond** for å kompensere for dei ulemper og naturinngrep som bebuarar og næringsliv i kommunen har blitt påført som følgje av konsesjonen frå 1957, og som no blir søkt fornya. Dette vil vere i samsvar med praksis i andre fornyingssaker, den siste store fornyinga skjedde i 2015, då det vart gjeve ny reguleringskonsesjon til Møsvatn i Tinn og Vinje kommunar. Administrasjonssjefen legg til grunn at NVE og departementet følgjer opp denne praksisen, slik at kommunane likebehandlast.

Når det gjeld størrelsen på eit næringsfond for Lom kommune viser administrasjonssjefen til den grunngjeving som går fram av Luster kommune/ Advokatfirmaet Lund & co sin uttale. I tidlegare fornyingssaker har det blitt lagt til grunn at økonomisk kompensasjon gjennom næringsfond skal stå i eit rimeleg høve til dei ulemper naturinngrepa medfører, og den forventa verdiskapinga som følgje av reguleringa. Administrasjonssjefen foreslår derfor eit næringsfond for Lom kommune på minimum 22 millionar kroner.

I konsesjonen frå 1957 vart det oppretta eit fond til opphjelp av fiske i dei regulerte vassdraga. Ordninga har finansiert mange nødvendige fiskestellstiltak, og bør vidareførast.

Administrasjonssjefen støtter oppland Fylkeskommune sitt krav om at det må setjast vilkår om arkeologiske registreringar i samband med fornyingssak, og vil spesielt peike på ferdselsvegen «Dølevegen» langs Storevatnet, der det er stort potensiale for å finne interessante kulturminne knytt til tidlegare tiders ferdsel mellom Lom og Luster.

Administrasjonssjefen er ikkje kjent med at det er framsett særskilte krav eller merknader til konsesjonssøknaden frå brukarinteresser i Lom kommune. Det går vidare fram av søknaden at det ikkje er foreslått avbøtande tiltak som blir vurdert som aktuelle å gjennomføre for dei deler av Fortun-Grandfastavassdraga som ligg i Lom. Ved revisjon av konsesjonsvilkåra bør likevel dagens standardvilkår for konsesjonssaker bli innført, og eksisterande vilkår må moderniserast i tråd med gjeldande praksis. Dette gjeld også økonomiske vilkår for kommunane som er omfatta av reguleringa, som konsesjonsavgift og konsesjonskraft. Praksis i dag er at NVE nyttar avrenningskart for perioden 1961 – 1990 som grunnlag. Dersom konsesjonen blir fornya bør kommunen krevje at NVE nyttar oppdaterte avrenningskart, som fangar opp den auka nedbøren. Ei ny utrekning kan verke inn på mengde konsesjonskraft og konsesjonsavgift til kommunane.